

Studentmållaget i Nidaros  
v/Atle Brandsar  
Asbjørn Øverås veg 9C  
7036 TRONDHEIM

Dragvoll, 9. mai 2012

Kulturdepartementet  
Akersgata 59  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

## Høyringsfråsegn til varsla endring i *Lov om stadnamn*

Studentmållaget i Nidaros (SmiN) er mållaget for studentar i Trondheim. Vi stiller oss kritiske til stortingsvedtaket 13. januar 2009 der Stortinget slutta seg til framlegget frå høgrerepresentantane Olemic Thommesen og Øyvind Halleraker om at endring av bruksnamn ikkje kan skje «uten grunneiers samtykke». Denne endringa kan føre til at lekfolk får rå over stadnamna – noko som fører problem med seg.

*Slektsnamn og gardsnamn er to ulike ting.* Historisk sett var gardsnamn berre *adressa* til brukarane. Slektsnamn fekk vi fyrst ved Personnamnlova av 1923. I dag kan det ofte vera stor skilnad på slektsnamnet til brukaren og sjølve bruksnamnet (t.d. slektsnamna Wiik/Wik/Viik/Vick(...) og bruksnamnet Vik). Om det då skal verta slik at kvar brukar på kvart sitt Vik-bruk skal kunne få siste ordet og vil ha sitt eige slektsnamn på bruket – då kan vi få grender i Noreg med mange ulike namn til noko som eigentleg er same namnet.

Det er ansvaret til samfunnet og styresmaktene å ta vare på dei nedarva gards- og bruksnamna og å gjø dei ein forsvarleg skrivemåte. Dette er etter vårt syn ikkje berre ein samfunnsrett, men òg ei samfunnsplikt. Den noverande stadnamnlova tek etter vårt syn godt vare på dei ulike brukarane, både dei i lokalsamfunna så vel som dei storsamfunnet.

Med dei endringane som departementet no føreslår (§ 6 og § 8 i lova), vil det etter kvart bli ei mengd med dobbeltformer for same staden, slik som til dømes bruksnamnet Wiig og gardsnamnet Vik, eller Bakke og Bache, Backe og så bortetter. *Kva for ei form skal ein då velja til offentleg bruk?* Her vil det verta stor usemje og lite oversyn. Kva med redningsteneste, ambulanse- og brannutrykkingar? GPS-systemet treng klåre former, og då må det vera klårt og greitt kva for form ein skal bruke – elles står det i ytste konsekvens om liv. Den føreslegne endringa av *Lov om stadnamn* vil føre mykje ugreie med seg, og SmiN vil rå ifrå det.

Å føre inn slektsnamnskrivemåtar som Wiig (Vik) og Hveem (Kvem) vil dessutan føre til at namna blir uforståelege for folk flest, og dei språklege røtene vil bli rivne av. Slik vil òg den framlagte endringa av lova bryte med den kulturverntanken som er ein berebjelke i den noverande lova.

**På denne bakgrunnen vil SmiN rå ifrå at ein endrar *Lov om stadnamn*!**

For SmiN,  
Atle Brandsar  
Fungerande leiar